



Bli fast givar!

Bruk konto 3740 30 20983,
eller Vipps #809788 til Born og unge i Askvoll sokn.

Om du merkar betalinga med ditt telefonnummer, betyr det at du ynskjer skattefrådrag for gåva.

Kontakt oss gjerne om du har spørsmål, og les meir om arbeidet i Askvoll sokn og om ordninga med fast givarteneste på:

www.askvoll.kyrkja.no

SKATTEFRÅDRAG

Gåver/givarteneste til Den norske kyrkja kan gi rett til skattefrådrag. Gåva må vere på minst kr 500 pr år. Maksimalt frådrag er kr 25.000. Skriv inn telefonnummeret i meldingsfeltet på gåva, så tek kyrkjekontoret kontakt med deg for å etablere slik ordning.



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

Bli med på satsing for
Born og unge i Askvoll sokn





Bli fast givar!

Askvoll sokn ynskjer ei felles satsing for born og unge, og har laga ei ordning for fast givarteneste. Born og unge i Askvoll sokn får eit viktig tilbod gjennom aktivitetane i trusopplæringa, og vi ynskjer å halde fram aktiviteten på minst same nivå som den har vore til no. Personar som vil gi fast til denne satsinga, gir Askvoll sokn økonomisk stabilitet til å halde oppe satsinga på barne- og ungdomsarbeidet i heile kommunen.

Vil du bli med?

Mange er med som frivillige medarbeidarar eller ber for arbeidet. Det trengst også økonomiske midlar.



Slik kjem du i gong

Eit konkrete første målet er kr 50.000, då kan ein vidareføre trusopplæringa på det nivået som den er i dag, trass i prisstigning og kostnadsauke.

Om 25 personar kvar gir kr 200 pr månad i 10 månadar av året, er dette på plass!

Bank eller VIPPS

- **GI EI GÅVE** her og no, til nettbank eller Vipps! Ditt bidrag betyr mykje, òg om du har høve til å gi berre ein gong.

- Setje i gong **FAST OVERFØRING** i din eigen nettbank / mobilbank. Dette er den måten som krev minst ressursar for kyrkjekontoret å ta imot.

- Du kan sjølv sagt også nytte Vipps for månedlege gåver, men pr no er det ikkje ordning for fast trekk der.